

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	26.05.2023
Vår referanse	2023/37242-4
Dykkar referanse	23/1621 - 23/31856
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - dispensasjon - lagerbygning - gnr. 108 bnr. 506 - Alver kommune


Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad datert 26.04.2023. Det er søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense til fylkesveg.

Eigedomen er regulert gjennom «Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad» med planID 1263-1099001.

Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense langs fylkesveg 57. Det er per no ikkje søkt om løyve til etablering av tiltak etter plan- og bygningslova.

Tiltaket det vert søkt om er dispensasjon for er ein lagerhall som på situasjonskartet er teikna inn 24 meter frå vegmidte av fylkesveg 57. Kommunen har ikkje opplyst om kva byggegrensa i reguleringsplanen er, men det er illustrert at plassering av lagerhallen er nærare fylkesvegen enn den regulerte byggegrensa. Det er ein eksisterande bensinstasjon på eigedomen, som ligg delvis innanfor byggegrensa i reguleringsplanen.



Utsnitt frå brevet frå kommunen. Til venstre er eksisterende bensinstasjon og reguleringsplan. Til høgre er situasjonsplan innsendt ved søknad.

Byggegrense skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fylkesveg 57 er klassifisert som haldningsklasse «svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon)» jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier at tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 50 meter frå vegmidte.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Infrastruktur og veg er negative til dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplanen på staden. Vi meiner det er viktig å halde på byggegrensa slik ho er regulert, mellom anna med bakgrunn i et fylkesvegen er ein svært viktig veg både regionalt og nasjonalt.

Vi meiner kommunen må halde på regulert byggegrense for tiltak på eigedomen. Vi ber om å få tilsendt saka når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen

fagkoordinator

INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift